



Frode Tredal
Leknesvegen 134
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6679 - 15/24981

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
13.07.2015

Førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt for fjerning av containere etter pbl § 32-2 - gbnr 195/33 Leiknes

Saka gjeldt:

På eigedommen gbnr 195/33 var det plassert to containere. Det vart sendt inn søknad om plassering av desse, samt utvida bruk av avkjørsel mot FV 391. Lindås kommune har gitt avslag på søknad om plassering av containere. Dette vedtaket vart påklaga og handsama i Plan- og miljøutvalet den 01.06.2011, klagen vart ikkje tatt til følge. Fylkesmannen i Hordaland stadfesta Lindås kommune sitt avslag i vedtak datert 10.10.2011. Etter anmodning om omgjerding av Fylkesmannen sitt vedtak frå eigar av eigedommen, kom Fylkesmannen til at det ikkje var grunnlag for å vurdere saka annleis, jf. brev datert 25.04.2012.

Dette fører til at det ikkje ligg føre løyve til å ha containere på eigedommen, og containerane er å rekna som eit ulovleg tiltak etter plan- og bygningslova.

Jan Erik Pedersen har i sitt brev datert 15.06.2015 lagt ved fotos som viser at det framleis er lagt ut ein container på eigedommen.

Historikk

Det vart sendt ut førehandsvarsel til Gudmundsen den 30.01.2013. Fristen vart utsett fram til dom i jordskifteretten, jf. skriv av 15.02.2013.

Den 10.02.2015 vart det retta pålegg mot Krister Gudmundsen, som eigar av gbnr. 195/178. Vedlagt brev av 05.03.2015 frå Krister Gudmundsen låg det eit skriv signert av både Krister Gudmundsen og Frode Tredal. I brevet opplyser de at gbnr 195/33 er eigd av både Krister Gudmundsen og Frode Tredal og at begge eigarane skulle vere mottakar.

Dersom eit byggverk ligg i sameige, må pålegg rettast mot samtlege sameigare. Viss ikkje vil parten under tvangsfullbyrde kunne påberope seg «privatrettslig umulighet» dersom dette ikkje vert gjort, jf. RG 1988 s.125.

Tidlegare vedtak



Kommunens vedtak av 10.02.2015 vert trekt attende som fylgje av sakshandsamingsfeil. For ordens skyld vert det sendt ut nytt førehandsvarsel i saka til partane før nytt vedtak vert fatta.

Førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt:

Etter pbl § 32-2 vert det gjeve varsel om at kommunen med heimel i pbl § 32-3 vil fatte vedtak om pålegg om retting, dersom tiltaket ikkje er fjerna **innan 15.08.2015**.

Lindås kommune må underrettast skriftleg at retting er utført innan fristen, og det må leggest ved foto som syner at tiltaket er fjerna frå eigedommen.

Etter pbl § 32-2 vert det gjeve varsel om at kommunen med heimel i pbl § 32-5 vil gje vedtak om fasetting av tvangsmulkt med eingangsmulkt på kr. 10 000,- og dagmulkt på kr. 500,- dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta innan fristen og dette ikkje er dokumentert **innan innan 15.08.2015**.

Vi gjer deg merksam på at dersom De meiner at tilhøva på staden har endra seg kan de sende inn ny søknad om tiltak. Dette vil likevel ikkje endre på fristane som gitt i vedtaket over.

Dette førehandsvarselet er retta mot Frode Tredal (gbnr. 195/72) og Krister Gudmunsen (gbnr. 195/178)

Rettar:

Etter pbl § 32-2 har De rett til å uttala Dykk før det vert fatta vedtak om pålegg om retting og tvangsmulkt. Frist for uttale er **3 veker frå brevets dato**, jf. pbl § 32-2 1.ledd.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jan Erik Pedersen

Postboks 117 Ulset 5873

BERGEN

Mottakarar:

Frode Tredal

Leknesvegen 134 5915

HJELMÅS

Krister Gudmunsen

Postboks 125 5903

ISDALSTØ